

## **Minneord om Gudny Mediaas Flatabø**

Vi er mange her i dag frå Oslo Songdanslag som vil ta avskjed med Gudny. På blomehelsinga frå laget står det "*Takk for innsatsen. Oslo Songdanslag*". Det er ei velfortent takk frå dei som er her og frå alle dei andre i laget som ikkje kunne vere til stades.

For Gudny fortener stor takk for den fine innsatsen ho gjorde i laget vårt. Ho byrja i laget i 1983, og heilt til det siste var ho ein av våre mest aktive og engasjerte medlemmer. Trass i at ho ikkje var nokon ungdom då ho byrja, var ho likevel ein av våre yngste i sinn. Med sine litterære og kulturelle interesser var ho ikkje minst svært glad i folkevisene våre, men folkemusikken stod henne også nær, og ho hadde eit varm hjarte for den frilynde ungdomsrørsla. Ho gjorde sin innsats i styret, var med i mange nemnder, på mange turar, dansa mykje framsyning, var med på festar og heldt stundom fine prologar, og møtte trufast på øvingane. Ho var oppteken av å knyte kontakt med folkedansarar i andre land, ikkje minst i Sverige.

Sin aller største innsats gjorde ho som skribent og redaktør i lagsbladet vårt Fantefølje. Der var ho fast medarbeidar i 20 år, det meste av tida som redaktør. Ikkje berre skreiv ho ei rad reportasjar frå festar, turar, seminar og årsmøte, men også laga ho mange sprudlande intervju med jubilarar i laget og fine minneord om dei som gjekk bort. Ho skreiv på nynorsk og bokmål like godt, og den muntre stilen hennar, full av rare innfall og morosame observasjonar, var lett å kjenne igjen. Ofte med humor og moro, men og med brodd og alvor. Gjennom åra skreiv ho også ei rad med fine dikt som kom i bladet.

Men aller mest fortener Gudny takk for den venen og medmennesket ho var for mange. Ho var ein miljøskapar, som bar glede og alvor til samværet i laget. Ho var så generøs i ord og i gjerning. Difor vann ho seg gjennom alle desse åra ei rad gode vener.

Siste gongen ho var i laget var i januar i 2012, og då deltok ho også i danseringen, 92 år gamal!

Eg vil gjerne lese eit av dei mange dikta hennar i bladet, dette er frå 1996 og ho kalla det Vårdiktet. Truleg skreiv ho det ein maidag som i dag, med grønkende plenar utafør vinduet og ein hage med spirande blomar og fruktre.

Jeg hadde et vårdikt i hodet,  
men det kom visst fra en annen klode,  
for ingen forsto det.

Jeg hadde et vårdikt i sinne,  
med det, det gikk meg av minne  
og famlet videre i blinde.

Jeg hadde et vårdikt i hjerte,  
men det var så fullt av smerte  
så sorg og savn det fortærte.

Jo, jeg hadde et vårdikt i emning,  
men det kom i slik våryr stemning;  
det dunsta bort, uten hemning.

Med hvis det ikke kommer,  
tror jeg på sol, og en sommer  
med blomsterdikt i sine lommer.

Vi takkar for at vi fekk lære Gudny å kjenne, og vi minnst henne med glede og  
respekt.